

## **Emnerapport SYKHUM 304 – vår 2011**

Behandla i møte i Faggruppa Sykepleievitenskap den 26. oktober 2011.

Kurset var fyrste gong gjennomført våren 2011.

### **Faglærar si vurdering av gjennomføring**

#### **Praktisk gjennomføring**

Undervisinga var lagt opp slik at underteikna innleia, så leste me tekstar og diskuterte dei.

Den fyrst dagen (4.5.) var temaet *Oppkomsten til moderne helsetenester med spesiell vekt på sjukepleie*. Me arbeidde med Foucault sin tekst *The Birth of Social Medicine* og Martinsen sine tekstar om diakonisser, diakonar, omsorg, sjukepleie og medisin. Kari Martinsen deltok i diskusjonane heile dagen.

Andre dagen (5.5) var *Disiplinering* temaet. Også denne dagen deltok Martinsen. Me arbeidde med tekstar av *Foucault, Sundt, Elias, Martinsen* og underteikna.

Tredje dag (6.5.) var temaet omsorg og sjølvomsorg, og me arbeidde med tekstar av Foucault, Henderson, Løgstrup og Martinsen.

Fjerde dagen (9.5.) arbeidde me med tilhøvet mellom hermeneutikk, fenomenologi, evidens og leste tekstar av Augestad, Utaker og Boge/Martinsen.

Femte dag (10.5.) såg me nærarare på korleis forfattarane av tekstane på pensum hadde utført si forsking. I den samanheng hadde me spesielt fokus på Foucault sin måte å forske på. Siste delen av dagen begynte me så smått å førebu framlegg og eksamen.

Tre dagar seinare (13.5.) la studentane fram eit utkast til korleis det kunne vere mogeleg å tenkje vidare med Foucault og Martinsen i eige forskingsarbeid. I den samanheng fekk dei attendemelding frå medstudentar og underteikna. Det same gjorde dei 25.5.

Veke 20-23 hadde studentane sjølvstudium/skrev heime eksamen som dei leverte 10.6. Til eksamen vanka det både A, B og C. Ingen lågare karakterar.

#### **Strykprosent og frafall**

Ingen fall frå og ingen strauk.

---

## Karakterfordeling

A: 2 studentar

B: 2 studentar

C: 4 studentar

## Studieinformasjon og dokumentasjon

Alle studentar var vel informerte om kurset via munnlege introduksjonar i starten av semesteret og via MI SIDE.

## Tilgang til relevant litteratur

Det blei utarbeidd eit kompendium som studentane kunne kjøpe på STUDIA. Bøker som studentane trøg kunne dei også kjøpe på studia. Det einaste problemet var ein student som ikkje leste norsk så godt, men me hjelpte han spesielt gjennom samtaler og ved å finne fram til engelske tekstar som tilsvarte det norske pensumet.

## Faglærer si vurdering av rammevilkår

### Lokalar og undervisingsutstyr

Lokala er nede i ein kjellar. Av og til er det altfor kaldt, andre gongar vert det for varmt, og det er små vindauge.

## Faglærers kommentarer til studentevalueringen(e)

Det blei ikkje gjennomført studentevaluering.

## Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak

Studentane verka ivrige i heile kurset. Dei møtte fram fulltalige kvar dag og hadde med seg tekstane som me skulle lesa og arbeida med. Det var flotte diskusjonar og ein god tone. Eksamensoppgåvene viste at dei hadde lært og forstått mykje på relativt kort tid. Pensumet engasjerte og mengda var overkommeleg. Kurset vil bli gjennomført på same vis neste år, med nokre mindre justeringar av pensumet.